

## **Referat frå styremøte i Rogaland bygdekinnelag 05.05.25**

**Til stades:** Ingrid Haugstad Haaland, Ann Karin Hammer, Rita Aase Austvoll, Astrid Skretting, Anne Kristine L. Andersen, Anne Margrethe Myhre, Malin Regine Fotland Øglænd (Meet) og Valborg Sandal (frå 18.00 Meet) og Åse-Berit Fidjeland

**Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
OK

**Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte**  
OK  
Kr. 4000,- vert innvilga til støtte til Strand BU og RBU sitt sommarstemne  
Støtte til UNG Crux vert avslått

**Sak 04/2025 Økonomioversikt**  
Orientering om økonomien pdd.

**Sak 15/2025 Frå distriktsleiarsamlinga i Oslo**

**a) Friuftsglede og inkludering**

Pengane (to mill.) er allereie brukte opp! Ein får 10 000,- til kvar aktivitet, og fleire lag har søkt om støtte til både to og tre turar. Mange aktivitetar blir lagde ut på bygdekinnelaget si nettside. Bruk logoen som er laga spesielt!

**b) Bygdekvinneuka** er 20.-30. august, og det er nok enklast for distriktslaget å t.d. delta med stand saman med lokallaget på aktivitetar.

Er dette eit godt tidspunkt "midt i ferien" og oppstart av nytt arbeidsår og skuleår. Bør denne utvidast til september? Me kan jo gjera utvida perioden i Rogaland

**c) Momskompensasjonssøknad** er sendt

**d) Norsk tradisjonsmat**

Det Norske Måltids hederspris gjekk til Norges bygdekinnelag 25. april 2025, og ein ynskjer å utvikla [norsktradisjonsmat.no](#) endå meir, spesielt innan drikkevarer, fisk, dessertar, kortreist mat og alt frå hage og jord

Sirdal BK vil laga bok med tradisjonsmat, og vil gjerne ha tips om korleis søker støtte til utgjeving. Ein kan velja å trykkja ho i eit land der slikt er billegare eller søker om støtte hos ulike bankar, i Tilskotsportalen.

**e) Valgpakken 2025**

- kva aktivitet/sak bør lokallaga ta opp
- Ann Karin har sendt ut hefte og det finst på heimesida til NBK
- Ann Karin vil gjerne ha kurs for politikarar for å visa dei kva som trengs både av tid, kompetanse og økonomiske ressursar. Å styrka skulekjøkkenet hadde vore betre enn å arbeida for skulemat, både kompetanse hos lærarar og om tradisjonsmat. Det kunne vore gjort i samarbeid med Bondelaget, og kanskje vil bygdeungdomslaget òg henga seg på
- bygdekinnelaget har laga både graut og kurs i fiskemat
- ein kan gjera det i samarbeid med Den lokale kulturelle skulesekken som kommunane få midlar til, t.d. årleg aktivitet for eit klassetrinn
- erfaringa er at opplæringa i mat og helse varierer
- å laga noko frå botnen av, og tenkja beredskap er viktig
- er det lettare å arbeida inn mot lokalpolitikarane?
- samarbeid med vidaregåande skule som har restaurant- og matfag er aktuelt

**f) På distriktsleiarsamlinga hadde dei workshop (gruppearbeid) om moderniseringa av formåls-**

**paragrafen** med presentasjon i plenum. Dette blir ein prosess mot landsmøtet i 2026 med høyring i lokallag og distriktslag - **jobb godt med dette!**

Distriktsleiarane fekk informasjon om **studieturen til Guatema**la med fokus på delings-økonomi, sjølvberging og mikrokredit. Elles gjekk dei gjennom **distriktsstyret sin rolle og funksjon** og hadde **distriktsstyrets time** der laga fortel kva dei gjer, for nokon gjer veldig mykje, samt **revidering av politisk plattform**

### **Sak 13/2025 Arbeidsplan og årshjul 2025-2026**

a) Valgnemndskurs - kurs i begge distrikt (nord og sør)

Nordfylket: Nesheimtunet 20. juni

Sørfylket: Før sommarferien

Ann Karin sender invitasjon til valnemndsleiarar og leiarar

Ingrid og Ann Karin brukar det som ligg på NBK

b) Lokallagssamling Kronen gård, Sandnes - 8. november

c) Årsmøterettleiar til lokallaga - AU lagar denne

d) Årsmøte 2026, truleg på Nesflaten

e) Åse-Berit legg ut informasjon på heimesida og Ann Karin på FB om NBK sine skjermkurs 6. og 13. mai

### **Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:**

**Ingrid Haugstad Håland** – har vore i Oslo, fekk skrøyt av generalsekretæren som hadde hørt mykje positivt etter årsmøtet

**Ann Karin Hammer** - som over

**Åse-Berit Fidjeland** - har promotert eit gammalt våningshus på Kvæven bygdetun

**Anne Kristine L. Andersen** - innkalling til RBU 6. mai 18.00

**Rita Aase Austvoll** - skal på styremøte på Sandnes 7. mai

**Astrid Skretting** - vore på medlemsmøte i Time og var med på underhaldninga, har ringt til Bjerkeim og Sirdal BLK, og skal på sonemøtet deira

**Anne Margrethe Myhre** - har ambisjon om å vera i kontakt med sona si, friluftsglede og inkludering i Sand BK (Suldalsposten) i samarbeid med Naturvernforbundet der Ryfylkealliansen filma, kjem i slutten av mai

**Rogaland bygdeungdomslag** v/Malin Regine Fotland Øglænd - lurer på om nokon kan vera dommar i borddekking og spekematanretning på sommarstemnet 13.-15. juni. Ann Karin stiller og får med seg ein dommar til

### **Innkomne skriv og meldingar**

**Årets lokallag:** Sand blir nominert - Anne Margrethe og Ann Karin

Imsland blir nominert - Anne Kristine

Kwart lag kan nominera seg sjølv om dei vil

**Eventuelt:** Inspirasjonsseminar på Lillehammer **14.-16.** 7.-9. november - to i distriktsstyret får lov å reisa og får dette dekka; Valborg og Åse-Berit reiser fra RBK etter loddtrekning, og Anne Margrethe reiser truleg

Åse-Berit Fidjeland, skrivar